

MARVIK SKULE

2020-2021



Innleiing

Velkomen til nytt skuleår. Eg håpar at alle har hatt ein god sommar og samla krefter til eit nytt skuleår. Me som arbeider på Marvik skule gler oss til eit godt samarbeid med foreldre og elevar. Spesielt vil me ynskje velkomen til dei nye 1. klassingane:

Elida Fondenes Tveita
Emil Veen-Fjetland

Venleg helsing

Anne Cremer

Innhold

| | |
|--|----|
| Innleiing | 2 |
| Handlingsplan for 2019-2020 | 4 |
| Elevane 2020-2021..... | 6 |
| Personalet 2020-2021..... | 7 |
| Kontakt skulen: | 7 |
| Telefon og epostadresser til tilsette | 7 |
| Dagsplan | 8 |
| Vekeplanar:..... | 9 |
| Skulemjølk,..... | 9 |
| Årshjulet:..... | 10 |
| Samarbeidsutvalet (SU) | 11 |
| Skulemiljøutvalet (SMU) | 12 |
| IT..... | 12 |
| Trivselreglar for Marvik skule..... | 13 |
| Reglar for bruk av iPad i skulen..... | 15 |
| Ordens og åtferdsreglar for suldalsskulen..... | 17 |
| Sentrale utdrag av Opplæringslova..... | 19 |
| Fotografering..... | 23 |
| Bading i skulesamanheng..... | 24 |
| Samtykkjeskjema bruk av privat bil..... | 25 |
| Leksehjelp..... | 26 |
| Påmelding skulegudstenester..... | 27 |
| Skulerute 2020/2021..... | 28 |
| Informasjon til heimane om fråvær..... | 29 |

Handlingsplan for 2020-2021

| <p>Visjon: Me på Marvik skule</p> <p>Arbeider med</p> <p>Relasjonar,</p> <p>Verdiar,</p> <p>Interesser og</p> <p>KUNNSKAP</p> | | | | | |
|---|---|---|------------|--|--------|
| Hovudmål | Delmål | Tiltak | Tid | Ansvar | Utført |
| Skuleutvikling | Skulen - ein lærande organisasjon | <ul style="list-style-type: none"> Kurs i samsvar med satsingsområda Digital satsing-læringsbrett | Heile tida | Rektor/ Lærarar | |
| Sosialt miljø | Arbeida systematisk med skule/klassemiljø, ha mål og evaluera måloppnåing | <ul style="list-style-type: none"> Tydelege vaksne med felles reaksjonar Trivselsprosjekt Sosialt mål Klassemøte Det sosiale miljø som tema i elevsamtalar, foreldremøte/konferansar Fellessamlingar Fellesaktivitetar (skulegudsteneste, juleverkstad, turar) Juleførestilling | Heile tida | Rektor Tilsette Elevane Kontaktlærarar | |
| Fysisk aktivitet | Elevane skal oppleve meistring og fellesskap | <ul style="list-style-type: none"> Fysisk aktivitet kvar dag uteaktivitetar, faglege ekskursjonar trivselleik | Kvar dag | Faglærar Rektor/ Lærarar | |
| Brukar-medverknad | Uttale om handlingsplan, samarbeid mellom skulane | <ul style="list-style-type: none"> Klassemøte Elevråd Klasseforeldremøte FAU/Samarbeidsutval/Skul emiljøutval Info på heimesida | H/V | K.lærar Kl.kontaktar, rektor Lærarar/ rektor | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|--------------------------------|--|
| Lokal historie/ kulturskattar | Elevane skal få møta lokal kultur som gir dei identitet | <ul style="list-style-type: none"> • Ekskursjonsplan • Den kulturelle skulesekken | Tema- dagar | Faglærer | |
| Integrera grunnleggjande ferdigheter i alle fag | Å kunna uttrykkja seg <ul style="list-style-type: none"> • Munnleg • Skriftleg • Lesa • Rekna • Bruka digitale verktøy | <ul style="list-style-type: none"> • munnleg framføring i klassen, på opningar, på arrangement • klassemøter • skriftlege oppgåver • SOLing av elevane • Førebudd høgtlesing • Leseprosjekt • Henta fakta • Systematisera • Ulike lesestrategiar • Nytt grafiske framstillingar, tabellar og statistikkar • Følgja opp resultatata frå nasj.prøvar • Følgja IKT-plan • Bruka showbie | Heile tida | Faglærer K.lærer | |
| Kunna ulike læringsstrategiar | Elevane skal kunna nytta seg av ulike læringsstrategiar | <ul style="list-style-type: none"> • Plan for leseopplæring i Suldal kommune • Satsingsområde 2019-2020 Digital satsing -læringsbrett | Tidfesta på planen | K.lærer Faglærer | |
| Elevane skal ha opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnadar | Elevane skal ha utfordringar som dei meistrar | <ul style="list-style-type: none"> • Differensierte tekstar/oppgåver/undervisn.opplegg • Val mellom ulik vanskegrad • Tilpassa opplæring for alle | Heile tida | Rektor Alle lærarar | |
| Vurdering | | <ul style="list-style-type: none"> • Kompetansemål på årsplanen • Delmål på vekeplanen, ut frå kompetansemåla • Elevsamtalar/foreldrekonf. | Fastsette samtalar/ konferan sar | K.lærer Faglærer K.lærer | |

Elevane 2020-2021

| | |
|------------------|--|
| 1.klasse | Elida Fondenes Tveita Emil Veen-Fjetland |
| 2.klasse | Ingeborg Naustvik Kornelius Gjøse Lovra Serina Rosland Hebnes |
| 3. klasse | Siren Vatland Theo Bjørkhaug Fjetland Thomas Veen- Fjetland |
| 4.klasse | Maia Helene Haualand Sven Øvrebø Holgersen |
| 5.klasse | Ingrid Andrea Bastlien Øvrebø Mathias Veen- Fjetland Vegard Hebnes Therese Østebø |
| 6. klasse | Malin Iversen Bakken Ivar Sjøiland Thomassen Trygve Øvrebø Holgersen |
| 7.klasse | Jonas Holmen Celina Iversen Bakken Linnea Ellingsen Kjølvik Ole Vetle Lunde Tuva Vatland |

Personalet 2020-2021

Rektor: Anne Cremer

Lærarar:

Gunn Bjørg Slåtto, kontaktlærer 1.-4.klasse

Annette Gregersen, kontaktlærer 5.-7.klasse

Heidi Naustvik, lærer 1.-7.klasse

Anne Margrete Høie, fagarbeider

Reinhald: Wenche Håheimsnes

Vaktmeister: Geir Eikesaas

Kontakt skulen:

Telefon: 52790840

Rektor: 52790841

Telefon og e-postadressar til tilsette

| Namn | Telefon | e-postadresse på skulen |
|--------------------|----------|--|
| Anne Cremer | 90693857 | anne.cremer@suldal.kommune.no |
| Annette Gregersen | 41565326 | annette.hebnes@suldal.kommune.no |
| Gunn Bjørg Slåtto | 92094785 | Gunn.Bjorg.Slatto@suldal.kommune.no |
| Anne Margrete Høie | 99583452 | anne.margrete.hoie@suldal.kommune.no |
| Heidi Naustvik | 97638826 | Heidi.Naustvik@suldal.kommune.no |

Dagsplan

Skulen byrjar kl. 08.20 og sluttar kl. 14.00 måndag, tysdag, torsdag.

Onsdag sluttar skulen kl. 12.30.

Fredag sluttar skulen 13.35.

1.-4.trinn

| | |
|--------------|-------------|
| 1.-2. time | 8.20-10.25 |
| matfriminutt | 10.25-11.25 |
| 3.time | 11.25-12.25 |
| friminutt | 12.25-13.00 |
| 4.time | 13.00-14.00 |
| Fredag | 12.45-13.35 |

5.-7.trinn

| | |
|--------------|--------------|
| 1.-2.time | 8.20-10.20 |
| matfriminutt | 10.20-11.05 |
| 3.time | 11.05-12.30 |
| friminutt | 12.20-12.45 |
| 4.time | 12.45-14.00 |
| Fredag | 12.45 -13.35 |

Vekeplanar:

Elevane får vekeplanar kvar veke på showbie. Der står det kva klassane arbeidar med og kva elevane skal gjera heime.

Skulemjølk for 2020-2021

Foreldra må sjølve gå inn på nettet og bestille skulemjølk , www.skolelyst.no.

Årshjul

| | | |
|-----------------------|--|--|
| August Oktober | Rektor, lærarar og elevar | Heim - skule |
| | Skulestart elevar Klasseforeldremøte Hausttur Nasjonale prøvar: september Brannøving Prosjektarbeid-strandrydding veke 36 Prosjektveke veke 40 Samarbeidsplan med barnehage Refleks -og trafikkopplæring Morgensamlinger | Klasseforeldremøte veke 35 FAU møte. Samarbeidsutval Fotografering 1.,5.,7.klasse Tv-aksjon i samarbeid med FAU |
| November- Desember | Adventsgudsteneste Juleverkstad Juleavslutning Foreldrekonferansar Leseprosjekt | Juleavslutning Foreldrekonferanser |
| Januar mars | Markering av overgang bhg- skule-Innskriving Elevsamtalar Foreldrekonferansar Leirskulen veke 11 Karneval veke 11 Leseprosjekt | Leirskulen Karneval (skulen) Foreldrekonferansar |
| April - Juni | Kartleggingsprøvar Brannøving Fadderordning. Overflyttingsmøte barnehage – skule Aktivitetsdag Skulegudsteneste (påske eller pinse) Sykkeltur | Val av klassekontaktar for neste år. Samarbeidstutval FAU |

Rådsorgana ved skulen

Foreldra sitt arbeidsutval (FAU)

FAU er samansett av alle klassekontaktane. FAU konstituerer seg sjølv, med leiar, nestleiar og sekretær. Rektor blir med etter invitasjon.

| | | |
|-----------|---------------------|-------------------------|
| 1.klasse: | Atle Tveita | Vara: Lars Ove Fjetland |
| 2.klasse: | Finn Arthur Rosland | Vara: Heidi Naustvik |
| 3.klasse: | Sissel Vatland | Vara: Annette Veen |
| 4.klasse: | Susanne Log | Vara: Liv Jorunn Øvrebø |
| 5.klasse: | | Vara: |
| 6.klasse: | Kjetil Thomassen | Vara: Siv Marita Bakken |
| 7.klasse: | | Vara: |

FAU Marvik skule 2020-2021

Leiar: vara:

Nestleiar: vara:

Sekretær:

Samarbeidsutvalet (SU), (SMU)

Leiar:

Nestleiar:

Lærer: Heidi Naustvik

Elev:

Andre tilsette: Anne Margrete Høie

Politisk vald: Magne Steine vara: Anette Opheim

Rektor: Anne Cremer

I samarbeidsutvalet(SU) sit leiar og nestleiar i FAU, ein lærarrepresentant, ein representant for andre tilsette, ein politisk representant, og rektor har møte- og talerett. Det er vanleg at rektor er sekretær for SU.

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

Skulemiljøutvalet (SMU)

Utvalet består av SU pluss elevrepresentant som blir vald av elevrådet:

IT

Showbie

Marvik skule brukar Showbie.com som ein elektronisk læringsplattform. Her blir det lagt ut undervisningsopplegg og oppgåver. Lærarane kan gi respons på oppgåver som elevane har levert inn. Foreldre kan opprette brukar, logge seg inn, og sjekke elevarbeid og vekeplan.

TRIVSELSREGLAR FOR MARVIK SKULE

Arbeidet på skulen vår er avhengig av at me kan samarbeida. Vilje til godt samarbeid og gjensidig respekt er nødvendig for at skulen vår skal bli ein god skule.

Som elev på Marvik har du mange rettar, men du har og ansvar for noko.

Du har rett på:

- At alle er høflege mot deg
- At ingen ertar deg
- At uteklede, ranselen, elevarbeid og andre saker får vera i fred
- At det er orden og ro i timane
- Å kunne føreslå endringar av trivselsreglane gjennom rådsorgana
- Vekeplan over lekser og andre viktige gjeremål

Grunnleggjande reglar for skulen vår:

- Du møter presis til timane
- Du held arbeidsro i timane
- Du held deg på skulen sitt område i skuletida
- Du tek vare på skulen sin eigedom
- Mobiltelefon skal vera avslått i skuletida.
- Du bruker ikkje banneord
- Du har ikkje med deg snop i skuletida (tyggegummi o.l.)
- Vald er forbode
- Du nyttar ikkje internett til å skada andre eller leggja bilde ut av andre utan samtykkje
- Du retta deg etter det dei vaksne seier

Tiltak som vert nytta om du bryt reglane:

- Samtale med kontaktlærer og/eller rektor
- Kontakt med føresette
- Mobiltelefon vert inndregen og må hentast av foreldre.
- Elevar kan takast ut av gruppa, eller byta klasse, for kortare eller lengre tid. Elevar kan og måtte ta friminutt til andre tider enn det oppsette, for kortare eller lengre tid.

Du har sjølv ansvaret for:

- Å vera høfleg mot alle
- Å gje melding til lærar/rektor viss medelevar vert mobba
- Å erstatta ting dersom du øydelegg dei med vilje eller slurvar det bort

- Å kle deg etter veret
- Å halda orden på skulesakene og å gjera leksene ferdig til rett tid
- Å oppføra deg på ein slik måte at du ikkje er til fare for andre eller deg sjølv.

Foreldra dine har ansvar for

- Å gi skulen skriftleg melding når du blir borte frå skulen, ikkje skal ha gym, ikkje har gjort leksene, skal til tannlegen/lege o.s.b
- Foreldrene må ha samtykke frå andre foreldre viss dei legg ut bilde av andre ungar i skule samanheng
- **Ved oppkast/diaré skal elevar halde seg heime i 48 timer etter siste gang man kastet opp/hadde diaré**

REGLAR FOR BRUK AV IPAD I SKULEN

Reglane er heimla i Ordensreglement for Marvik skule.

1. Generelt om bruk

- iPad-en er skulen sin eigedom, og det er læraren som bestemmer når og korleis han skal brukast.
- iPad-en må behandlast forsiktig, spesielt når han ligg i sekken.
- iPad-en skal berre brukast til skulearbeid, ikkje til spel, verken i timane, i friminutta eller på SFO
- iPad-en skal ikkje lånast ut til andre.
- Det er aldri lov å ta bilde/video av medelevar eller tilsette utan at det er avtalt med vedkommande.

2. Oppbevaring og behandling

- iPad-en skal alltid vera inne i dekslet, både på skulen og heime.
- Det er aldri lov å eta eller drikka med iPad-en på same pult/bord.
- iPad-en skal alltid vera tilstrekkeleg opplada før skuledagen startar.
- Appar skulen installerar på iPad-en må ikkje fjernast. Elevar kan ikkje lasta opp eigne appar på iPad-en.

3. Internett

- På skulen er det kun lov å gå på internett etter avtale med læraren, til nettstader som har med skulearbeidet å gjera.

4. Konsekvensar ved brot på reglane

- Dersom iPad-en blir brukt i strid med desse reglane, vil iPad-en bli teken inn og må hentast av føresette.
- Skulen tar ikkje ansvar for tap av data og har rett til å sletta innhald på iPad-ane. Personlege data må derfor lagrast også andre stader enn på iPad-en.
- Eleven kan mista retten til å ta med iPad-en heim for kortare eller lengre periode.
- Føresette kan vera erstatningspliktige for skade på skulen sin eigedom.

Ordens- og åtferdsreglar for skulane i Suldal

Alle har ansvar for å hjelpa til å skapa eit godt læringsmiljø, der alle viser respekt for og omsorg for kvarandre.

Ordens- og åtferdsreglane gjeld i skuletida, på skulevegen, på SFO og ved arrangement under leiing av skulen.

Ordensreglementet er heimla i opplæringslova:

§ 9 A-10. Ordensreglement

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skole.

Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skolen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i forvaltningsloven § 38 første ledd bokstav c om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Kommunestyret har delegert vedtaksretten i § 9 A-10 til rådmannen, som har delegert vidare til rektor ved skulen.

§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Orden

Elevane skal ha god orden.

Det er god orden å:

1. møta presis til undervisning og andre avtalar
2. vera førebudd til undervisninga og ha med seg det utstyret og kledda ein treng
3. gjera skulearbeid innan fastsett tid
4. ha skulesakene i orden
5. levera søknad om eller melding om alt fråvær frå dei føresette

Åtferd

Eleven skal ha god åtferd.

Det er god åtferd å:

1. visa folkeskikk, opptre høfleg og respektfullt ovanfor alle andre ved skulen.
2. halda god arbeidsro
3. oppføra seg slik at ein ikkje på nokon måte krenkar andre, driv med hardhendt eller farleg leik eller på annan måte skadar seg sjølv og andre
4. ta godt vare på skulebøker, anna undervisningsmateriell og all eigedom som høyrer til skulen eller medelevar
5. vera på skulen og skuleområdet
6. ikkje røyka, snusa eller vera påverka av andre rusmiddel
7. ikkje ha snop, brus eller energidrikk med på skulen om ikkje anna er avtalt
8. bruka skulen sine datamaskinar og Internett i samsvar med underskriven avtale
9. ha mobiltelefonar/smarttelefonar, Ipad o.l. avslått og ikkje synleg i skuletida dersom ikkje anna er avtalt med lærar
10. ikkje ha med farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område
11. ikkje fuska eller forsøka å fuska på prøvar eller innleveringar
12. retta seg etter det den vaksne seier

Tiltak ved brot på ordens- og åtferdsreglane

- Munnleg påtale frå lærar/inspektør/rektor.
- Melding heim.
- Elevar kan takast ut av gruppa, eller byta klasse, for kortare eller lengre tid. Elevar kan og måtte ta friminutt til andre tider enn det oppsette, for kortare eller lengre tid.
- Med mindre kommunen fastset noko anna, kan rektor bestemma at lærarane har munde til å ta avgjerd om bortvising frå eiga undervisning for ei opplæringsøkt, avgrensa til to klokketimar. Foreldra til elevar på barnetrinnet skal varslast før det vert sett i verk bortvising for resten av dagen (jamfør Opplæringslova § 9A-11)
- Elevar visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar.
- Ved skade på hus, inventar eller lærebøker, må ein rekna med å erstatta heile, eller deler av skaden (inntil kr 10 000,-). Ein elev som øydelegg noko med uvørden framferd, kan bli sett til å reparera bøker/materiell. Reparasjon bør gå føre seg utanom skuletida.

Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak. Foreldra skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen. Denne uttaleretten gjeld i høve til alle slags refsingstiltak.

Sist revidert i rektormøte 21. september 2018

Lokale konkretiseringar for den einskilde skule:

Sentrale utdrag av Opplæringslova.

§ 1-1. Formålet med opplæringa

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Opplæringa skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som òg kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Opplæringa skal bidra til å utvide kjennskapen til og forståinga av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonale kulturtradisjon.

Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald og vise respekt for den einsskilde si overtyding. Ho skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.

Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.

Skolen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.

§ 2-9. Ordensreglement og liknande

Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast.

Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.

§ 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørger for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

§ 2-15. Rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring

Elevane har rett til gratis offentleg grunnskoleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskoleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskoleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskoleopplæringa.

§ 5-1. Rett til spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Elevar som får spesialundervisning, skal ha det same totale undervisningstimetalet som gjeld andre elevar, jf. § 2-2 og § 3-2.

§ 9a-3. Det psykososiale miljøet

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

§ 11-1. Samarbeidsutval ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det vere eit samarbeidsutval med to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter, blir behandla i samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolen.

Dersom samarbeidsutvalet får delegert styringsoppgåver frå kommunen, kan kommunen nemne opp fleire representantar til utvalet. Kommunen kan nemne opp samarbeidsutvalet som styre for skolen etter § 11 og § 20 nr. 4 i kommunelova. Dersom kommunen nemner opp eit anna styre for skolen enn samarbeidsutvalet, skal minst to representantar for foreldrerådet vere med i styret. Inga av gruppene elevar, tilsette eller foreldre kan ha fleirtal i styret aleine. Rektor har rett til å møte, tale og komme med framlegg.

Kommunen kan skipe eit felles samarbeidsutval for grunnskole og kommunal barnehage. Etter avtale kan ei tilsvarande ordning etablerast mellom privat barnehage og kommunal skole. Utvalet skal ha to representantar for elevane, ein representant for undervisningspersonalet, ein representant for andre tilsette i skolen, to representantar for dei tilsette i barnehagen, to representantar for foreldrerådet i skolen og to representantar for foreldrerådet i barnehagen. I tillegg til dei representantane for kommunen som følgjer av første og tredje leddet, kan eigaren av barnehagen nemne opp inntil to medlemmer.

Endra med lov 16 april 1999 nr. 18 (i kraft 1 juli 1999, etter res. 16 april 1999 nr. 388).

§ 11-1a. Skolemiljøutval ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det vere eit skolemiljøutval. I skolemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen vere representerte. Skolemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skolemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skolemiljøutval, må det oppnemnast tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av lovfesta teieplikt blir behandla i skolemiljøutvalet. Når elevane ikkje er til stades, skal foreldrerepresentantane ha dobbeltstemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foreldrerepresentantar aukast tilsvarande.

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a.

Føyd til med lov 17 juni 2005 nr. 105 (i kraft 17 juni 2005, etter res. 17 juni 2005 nr. 660).

§ 11-2. Elevråd ved grunnskolar

Ved kvar grunnskole skal det for årstrinna 5-7 og for årstrinna 8-10 vere eit elevråd med representantar for elevane. Kommunen fastset talet på elevrepresentantar. Representantane skal veljast seinast tre veker etter at skolen har teke til om hausten.

Ein medlem av undervisningspersonalet på skolen skal ha som oppgåve å hjelpe elevrådet i arbeidet. Denne elevrådskontakten har møte- og talerett i elevrådet.

Leiaren for elevrådet kan kalle inn til møte i rådet i samråd med elevrådskontakten. Rådet skal i alle høve kallast inn når ein tredel av medlemmene i rådet eller rektor krev det.

Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape godt lærings- og skolemiljø. Rådet skal også kunne uttale seg i og komme med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.

FOTOGRAFERING I SKULESAMANHENG/ TEKSTPRODUKSJON PÅ NETT.

- Me godkjenner/ godkjenner ikkje at det blir lagt ut bilete av barnet vårt på Marvik skule si heimeside.
- Me godkjenner/ godkjenner ikkje at det blir lagt ut bilete av barnet vårt i skulesamanheng i Suldalsposten/ anna presse.
- Me godkjenner/ godkjenner ikkje at det blir lagt ut tekstar på nett som barnet vårt har produsert/skrive (utan namn)
(Stryk det som ikkje passar)

Marvik

.....

Føresette

Flott om de leverer svarslippen innen fredag 28.08.2020.

BADING I SKULESAMANHENG SKULEÅRET 2020/21

Det er innført ganske strenge reglar for at bading skal vera tillate i skulesamanheng.

For at elevane skal kunna bada, er det følgjande krav:

1. Det må vera godkjent livreddar til stades.
2. Elevane må ha løyve frå føresette.

Når det gjeld pkt. 1 vil me på skulen få/har godkjente livreddarar.

Til pkt. 2 må du som føresett gje løyve.

Eg gjev med dette mitt/mine barn lov til å bada i skulesamanheng skuleåret 19/20 når det er forsvarleg og godkjent livreddar til stades.

Namnet på eleven

Klasse

Underskrift

Flott om de leverer svarslippen innen fredag 21.08.2020.

SAMTYKKJESKJEMA

Kjøring av barn i private bilar

§1

b) Der bilbete er montert, skal barn **lavere enn 150 cm** bruke **godkjent sikringsutstyr** som er tilpasset barnet eller slikt utstyr i kombinasjon med ordinært bilbelte.

c) Der det ikke finnes godkjent barnesikringsutstyr, **kan** barn under 150 cm og over 135 cm bruke ordinært bilbelte.

Av og til er det både praktisk og føremålstenleg å bruka private bilar i skule- og SFO-tida.

Vi gir med dette samtykkje til at skulen ved behov kan nytta seg av private bilar ved kjøring av barn i skule- og SFO-tida.

Sett kryss /ring rundt svaralternativet ditt.
Levèr lappen på skulen innan 30. august.

Ja

Nei

Stad/dato:.....

Eleven sitt namn:.....

Føresette si underskrift.....

Flott om de leverer svarslippen innen fredag 28.08.2020.

Leksehjelp:

Elevane i 1.-4. klasse har rett på leksehjelp. Leksehjelpea vert organisert i SFO- tida på måndag kl. 14.00-14.30 og onsdag kl. 12.30-13.00.

Påmelding

Namn:.....

Dagar:.....

Føresettsnamn:.....

Flott om de leverer svarslippen innen fredag 28.08.2020.

Påmelding skulegudstenester

Marvik skule arrangerer 2 til 3 gudstenester i løpet av skuleåret i Marvik kapell.

Dei som ikkje skal vera med får eit alternativt tilbod på skulen.

I samband med desse arrangementa viser me til arket angående påmelding.

Kryss av for det tilbodet du/de vil at barnet skal gå på.
Flott om de leverer svarslippen innen fredag 02.10.2020.

Helsing
Anne Cremer
Rektor Marvik skule

Påmelding gudstjenester, alternativt tilbod

Eg/me ønskjer at blir med på

(Kryss av)

| | |
|------------------------------------|--|
| Skulegudstjenester i Marvik kapell | |
| Alternativt tilbod på skulen | |